

Valde-området


i baksida



Tessanden – Kviten – Valdeøy garden – Runningsgrenda/Aasøy garden – Brugrenda

gard og slekt


Knut Raastad, august 2023



Aasheim. Foto frå Reidun Randen, Vågå historielags fotoarkiv.

Valdeområdet i baksida

Heile området mellom Tessa og Arnøygarden tilhørte i gammel tid Valdegardane, men med eitt unntak. Dette var Kvitén som var underbruk til nigard Viste. I 1624 eigde Knut Viste som kanskje var på nigard Viste 1 skinn i Valleøygarden, kanskje var dette Kvitén. På 1700-talet var det berre to husmannsplassar i Valdeområdet, det var Tessneset som tilhørte nordgard Valde og Brun som tilhørte sygard. Valdeøygardane var truleg brukte som underbruk. Namnet Øygarden tilseier at dette er gamle bruk frå før øydetida. Truleg har Valdegardane delt og teke i bruk kvar sin del. Dette kan også vera tilfelle med Åsøygarden der Aasgaard var underbruk til nordgard Valde og Aasheim (Åsøygardshaugen) var underbruk til sygard. Noko liknande ser vi også i Brugrenda der sygard Valde hadde Brun og nordgard hadde Perstugu som tidlegare gjekk under namnet Bruflata.



På 1970- og 1980-talet vart det samla opplysningar til gards- og slektshistorie ved avskrifter av tingbøker samt systematisering av familiar frå kyrkjebøker og folketeljningar. Dette er tilgjengeleg på Opplandsarkivet avd. Vågå i Ullinsvin. Ved å bruke dette samt digitale grunnbøker, folketeljningar og kyrkjebøker kan ein setja saman opplysningar for kvar gard. Tinglysingar og skifter er mest knytte til matrikulerte bruk og i tidleg tid var det ikkje mange husmannsplassar. Mange har gjort ein del arbeid med systematisering av slekter, nemnast kan Pål Øystein Kvarberg som skreiv om slekter i Vågå og Lom. Det andre har funne kan brukast i staden for å gå til primærkjelder.

Namn på plassar og personar kan ha hatt ulike skrivemåtar, og det er i denne framstillinga ikkje brukt noko konsekvent rettskriving. Alder og fødselsår kan i kjeldene vera oppgjeve berre omtrentleg, dette fører til at årstal ikkje alltid er nøyaktige og dette er ikkje alltid forsøkt

sjekka mot andre kjelder. Ellers vil det vera ein god del manglar om personar, meir undersøkjing av kjelder vil gje meir informasjon. Det er ønskje om å få attendemelding om feil og manglar.



Neslykkja. Foto frå Bjørn Valde Aasheim, Vågå historielags fotoarkiv.

Tessanden	side 4
Kviten	side 10
Valdeøygarden	side 14
Runningsgrenda	side 18
Aasøygarden	side 23
Brugrenda	side 28



Tessanden 1908-1909. Foto frå Gunnar Sandbo, Vågå historielags fotoarkiv.

Tessneset

Gnr. 86 bnr. 8, gnr. 115 bnr. 1

Ingeløv Gundersdotter f.ca.1710 d.1745 hadde bustad på Tesnæset da ho døydde.

I 1776 vart Anders Nese nemnd i liste over husmannspenger til kyrkja. Det var skifte etter Anders Nilsen Tesnesplassen i 180. Tessnesplassen i Synslien vart også kalla Anderslykkja etter han og vart bl.a. nemnd som det ved feste i 1829. Anders Nilsen f.ca.1726 d.1801 vart 1764 gift med Anne Larsdotter f.ca.1733 d.etter 1801. Anders og Anne hadde 6 barn:

Nils 1764-1847, g.m. Mari Rasmusdtr. 1766-1806. Til Øygarden under Øy.

Mari 1767-1772

Lars 1770-1826, neste brukar

Mari f.1773, g.m. Iver Thordsen Gardsøy Svare s. 1773-1854. Mari hadde før ekteskapet sonen Hans Johansen f.ca.1795

Iver 1776-1839, g.m. Kari Toresdtr. Moshuset f.ca.1788 d.1839. I Moshuset.

Anders 1778-1851, g.m. Mari Andersdtr. f.ca.1791 d.1851. Til Sandom i Lom.

Lars Nisset vart nemnd i lista over husmannspenger til kyrkja i 1805-1806 og som husmann i 1801. Lars vart 1800 gift med Kari Olsdotter Brattland f.ca.1774 d.1838, ho må vera dotter til Ola Engebretsen Valde s. 1737-1812 og Anne Johannesdtr. Lye 1752-1805. Lars og Kari hadde 3 barn:

Anne f.1800
Anne 1810-1895, neste brukar
Mari f.1815
Gunild f.1818

Anne Larsdotter vart 1829 gift med Hans Knutsen Kagerud 1801-1869 son til Knut Paulsen. Hans vart nemnd i liste over humannspenger i 1832 og 1833. I 1875 budde enkja Anne på Larsonlykkja i Synslien som 10 år før var sæter til Tessneset. Ved skifte i 1870 vart Hans Knutsen nemnd som Tessnesplassen. Hans og Anne hadde 6 barn:

Ingri 1829-1911, g.m. Ener Eriksen Helle 1808-1870, på Tessanden søre
Lars 1833-1912, neste brukar
Kari f.1838, g.m. Paul Olsen Runningen
Ole 1842-1850
Ole 1851-1947, g.m. Ingebor Hansdtr. Byre 1851-1932, til Amerika i 1887
Paul f.1858, g.m. Kari Olsdtr. Åsødegårdshaugen f.1860. Til Amerika.

Lars Tesnæset vart 1858 gift med Mari Rasmusdotter Svarehuset f.ca.1831 dotter til Rasmus Olsen Huset 1791-1839 og Anne Amundsdr. Bu n. f.1792. I 1865 budde familien på Tessnesplassen medan foreldra til Lars budde på Tessneset, 10 år seinare budde familien på Tessneset og brukte Tessnesplassen som sæter. Lars og Mari hadde 4 barn:

Hans f.1858, g.m. Mari Hansdtr. Til Amerika 1889.
Ole f.1862, til Amerika 1887
Anders f.1867, til Amerika 1891
Anton 1873-1970, neste brukar

Anton vart 1903 gift med Anne Torsdotter Hammerdalen, Lom 1882-1961 dotter til Tor Johannessen Kvernstugu 1860-1950 og Rønnaug Johannesdtr. Storåen 1858-1904.. Tessneset gnr. 86 bnr. 8 vart i 1913 frådelt frå nordgard Valde gnr. 86 bnr. 1 med skjøte i 1914 frå Knut Flatmo til Anton L Tessnes for kr 2300,-. Anton og Anne hadde 5 barn:

Mari f.1905
Tor f.1908-1985, g.m. Ragnhild Tessand 1916-1996. Til Rydningen/Sandrunningen.
Hans f.1910, neste brukar
Rudolf 1913-1995, g.m. Anna Johannesdtr. Bakke 1919-2016
Lina 1919-1919

Anton hadde før ekteskapet barn med Olea Storviksæter f.1883:
Helga f.1903

Hans overtok i 1948. Han vart 1948 gift med Anne Ødegården 1926-1988 dotter til Syver Ødegården og Hanna Nystuen. Hans og Anne hadde 3 barn:

Alf 1948-2014, neste brukar
Sigmund 1951-1977
Lars f.1966

Alf overtok i 1978. Han var også eigar av Nystuen gnr. 103 bnr. 18. Alf vart 1970 gift med Ingrid Helen Nyhus 1945-2022 dotter til Sigurd Nyhus f.1891 og Elida Brimi, Lom f.1917. Ingrid var eigar av Tessand gnr. 86 bnr. 5. Alf og Ingrid hadde 2 barn:

Svein Arne f.1970, neste eigar
Eva Haldis f.1972

Svein Arne Tessneset har overteke både Tessneset, nørdrø Tessanden og Nystugu.

Steinløkken gnr. 86 bnr. 13 (Tessanden 18) vart i 1924 frådelt frå Tessneset med skjøte i 1926 frå Anton L. Tesneset etter anmodning av Sigurd Bu til Andreas Holø for kr 300,-. I 1968 var det skjøte frå Andreas Holø til Kari og Torleif Bastnes. I 1974 var det skjøte frå Kari og Torleif Bastnes til Aase Aasgaard f.1930 og Johan Aasgaard f.1919. I 1982 var det skjøte til Wilfrid Panke, Tyskland f.1947.

Strømstad gnr. 86 bnr. 29 (Tessanden 30) vart frådelt frå Tessneset i 1961 med skjøte frå Hans Tessneset til Anton L Løkken 1902-1995. Anton var gift med Oline Johannesdtr.Perstugu 1909-1996. Lars Tessneset f.1966 fekk heimel til eigedommen i 1995.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom,

Kari Storvik, 2022: Uppi Synsliom

Tessanden nørdre

Gnr. 86 bnr. 5

Ener Eriksen Helle 1808-1876 var son til Erik Hansen Helle 1761-1841 og Marit Knutsdtr. Siem Huden 1766-1808. Ener vart 1838 gift med Aagot Hansotter Valde n. 1796-1861 som var dotter til Hans Jonsen Valde 1754-1824 og Åse Knutsdtr. Siem 1756-1826. Ener og Aagot budde på nørdre Tessanden som var husmannsplass under nordgard Valde. Tessanden vart også kalla berre Sanden. Ener vart 1865 gift på nytt med Ingrid Hansdotter Tessneset 1829-1911 dotter til Hans Knutsen Kagrud 1801-1869 og Anne Larsdtr. Tessneset 1810-1895. I 1900 og 1910 var det Ingrid og sonen som budde på Tessanden og brukte plassen. Ener og Ingrid hadde 2 barn:

Anne 1862-1932, g.m. Ole Knutsen Ruskeløkken 1851-1893. Til Skjellhaugen.

Hans 1865-1956. Nemnd som åndssvak i 1920.

Nørdre Tessanden gnr. 86 bnr. 5 vart frådelt frå nordgard Valde i 1905 med skjøte i 1906 frå Ivar Visdal til Knut Skjellhaugen for kr 600,-. Knut Skjellhaugen 1883-1966 var son til Ole Knutsen Ruskeløkken 1851-1893 og Anne Enersdtr. Tessanden 1862-1932 og overtok dermed drifta etter bestemora Ingrid. I folketeljinga 1910 var mora og syskjena busette på Skjellhaugen i Randsverk, men har kanskje flytta til Tessanden da bestemora vart borte i 1911. I 1920 budde familien på Tessanden, seinare flytta dei til Randsverk att.

I 1935 var det skjøte på nørdre Tessanden frå Knut O Skjellhaugen til Sigurd O Nyhus for kr 6000,-. Sigurd 1891-1967 var son til Ola Bondestugu og Ingrid Nyhus. Sigurd vart 1945 gift med Elida A Brimi f.1917, dei hadde 2 barn:

Ingrid Helen 1945-2022, seinare eigar

Ola f.1947, neste eigar

Ola overtok i 1979. Han var gift med Annie Mikalsen, Nesodden f.1946, dei har 1 barn:

Laila f.1978

Ingrid Helen overtok i 1990. Ho vart 1970 gift med Alf Tessneset 1948-2014, dei har 2 barn:

Svein Arne f.1970, neste eigar
Eva Haldis f.1972

Tessvang. I 1910 var Sigurd Bu landhandlar og budde i hus på nørdrø Tessandens grunn. Sigurd Iversen Bu 1885-1945 vart 1910 gift med Anne Syversdotter Kviten 1890-1920, dei hadde 3 barn:

Ivar f.1910

Gunvor f.1912-1992, g.m. Setsaa. Døydde i Sande kommune i Vestfold.

Sverre 1914-1980

Sigurd vart gift på nytt med Eline Sveen, Ringsaker f.1895, i 1920-1921 budde dei i Asker.

Sigurd og Eline hadde 1 barn:

Solveig f.1921

Tessvang gnr. 86 bnr. 15 vart 1935 frådelt frå nørdrø Tessanden med skjøte frå Knut O Skjellhaugen til Andreas Holø for kr 400,-. Denne eigedommen vart i 1920 pantsett av Andreas Holø for kr 16000,-. I 1936 var det skjøte frå Andreas Holø til Torbjørn Guntvedt for kr 2800,-. I 1941 var det skjøte frå Torbjørn Guntvedt til Bjørn Dehs for kr 15000,-.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Helle og Helleløyken

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Geni.com

Tessanden søre

Gnr. 86 bnr. 4

Folketeljinga 1865 viser at Ole Olsen og familien budde på Kalbaksanden med bruket Dalen. Sanden vil seia Tessanden, medan fyrste del av stadnamnet skreiv seg frå at Ole kom frå Kalbakk. Ole var også eigar av del av Dalen i Synslien. Ole Olsen øvre Kalbak f.1834 var son til Ole Syversen Sandviken Storvikseie Kalbak f.ca.1789 d.1872 og Ragnhild Johannesdtr. 1798-1874 . Ole vart 1858 gift med Imbjør Arnesdotter Waldeie Arnøygarden 1834-1918 dotter til Arne Knutsen Ulsbu Waldeie 1791-1874 og Gunhild Christensdtr. Wiste f.ca.1793 d.1866. I 1910 budde Ole og Imbjør på Rydningen, i 1900 og tidlegare var dei på Tessanden. Ved barnefødsel i 1858 var Ole og Imbjør inderstar på Kalbak, frå 1864 på Sanden eller Kalbaksanden. Ole og Imbjør hadde 7 barn:

Ole 1857-1857

Ragnild 1858-1933, neste brukar

Gunild f.1861

Oline f.1864

Anne f.1867

Ole f.1871

Mari 1874-1964, på Rydningen

Søre Tessanden gnr. 86 bnr. 4 vart frådelt frå nordgard Valde i 1904 med skjøte i 1906 frå Ivar Visdal til Ragnhild Olsdotter for kr 1500,-. Ragnhild vart 1881 gift med Knut Nilsen Brun 1856-1894 son til Nils Rasmussen Brun 1831-1919 og Anne Jakobsdtr. Ringneset 1826-1917. I folketeljinga 1891 og barnefødselar før dette budde familien i Brun. Knut reiste til USA i 1894 der han døydde. I 1900 budde Ragnhild og familien på Rydningen, men i 1910 var dei

på Tessanden. Knut kjøpte Haugen gnr. 120 bnr. 1 i Synslien i 1886. Ragnhild og Knut hadde 4 barn:

Anne f.1881. Til USA

Ole 1883-1966, neste brukar

Nils f.1887-1984. Var i USA.

Knut 1891-1978, g.m. Barbro Aasheim. Til Rydningen.

I 1921 var det skjøte på Tessand og Haugen frå Ragnhild O Tessand til sonen Ole K Tessand for kr 1800,- pluss kr 500,- for lausøyre. Ole vart 1919 gift med Ingeborg Lundeløkken 1892-1981, dei hadde 5 barn:

Knut f.1919

Mari f.1921

Jakob 1923-1996, neste brukar

Anna f.1926

Erling f.1932, seinare eigar

Jakob overtok Tessanden i 1959, han var ugift.

Erling overtok etter broren i 1997. Han vart 1954 gift med Malmfrid Kambestad, Ullensvang f.1934 dotter til Arne Kambestad f.1894 og Laura Vines f.1899. Erling og Malmfrid har 6 barn:

Liv Irene f.1955, sbm Tore Breistrand 1953-1984

Mona Elin f.1956, g.m. Karl Iftikar

Aud Orny f.1958

Tove Unn f.1960, var sbm, Anders Baalsrud

May-Britt f.1861, var g.m. Petter Iversen

Odd Erling f.1966

Sandli gnr. 86 bnr. 30 (Tessanden 8) vart frådelt frå søre Tessanden i 1965 med skjøte i 1967 frå Jakob Tessanden til Per J Øyen. Per var gift med Eldrid d.1990.

Tessanden skuleplass gnr, 86 bnr. 31 (Tessanden 1) vart frådelt frå søre Tessanden i 1970 med skjøte frå Jakob Tessanden til Vågå kommune for kr 1350,- som vart oppgjordt i 1923.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Helle og Helleløkken

Tessanden 10, 12, 14, 16

Valdstad gnr. 86 bnr. 17 (Tessanden 14) vart i 1943 frådelt frå nordgard Valde med skjøte i 1946 frå Per A Visdal til Jarleif Herskedal 1907-1987 for kr 500,-. Ektefelle Elsa døyde i 1989. I 1989 vart det tinglyst heimelsovergang til Øystein S Herskedal f.1949. Nå er det Eli og Ivar Valdvik som har dette.

Lundberg gnr. 86 bnr. 18 (Tessanden 10) vart i 1945 frådelt frå nordgard Valde med skjøte frå Per A Visdal til Erling N Herskedal f.1909 for kr 250,-. I 1985 var det skjøte til Nils Jan Herskedal f.1940 og Dagfinn Herskedal f.1946 på gnr. 86 bnr. 18 og 20.

Furulund gnr. 86 bnr. 19 og **Fredly** gnr. 86 bnr. 20 (Tessanden 12) vart i 1945 frådelt frå nordgard Valde med skjøte i 1949 frå Per A Visdal til Maria Hoft for kr 1000,-. I 1971 var det skjøte frå Maria Hoft til Erling N Herskedal f.1909 for kr 2000,-.

Tesly gnr. 86 bnr. 14 (Tessanden 16). Mari Ivarsdatter Grev 1876-1971 hadde dette huset. Ho var dotter til Ivar Jakobsen Vetlesæter 1848-1924 og Mari Syversdtr. Grev 1839-1899. Ugifte Mari Ivarsdatter Grev 1876-1971 hadde med Johan Iversen Vang 1874-1955 1 barn:

Ivar f.1896, g.m. Tea. Til Halden

Tesly gnr. 86 bnr. 14 vart i 1971 frådelt frå nordgard Valde gnr. 86 bnr. 1 og søre Tessanden gnr. 86 bnr. 4 med skjøte til Mari Grev Møgster. Ho er dotter til Ivar Grev i Halden og overtok dermed huset etter bestemora Mari Grev 1839-1899.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på nigard Kvarberg, Lyerekken

Neslykkja

Gnr. 104 bnr. 1

Neslykkja vart i 1865 og 1875 kalla Vaarstad. Skulelærer Johannes Olsen Visdal f.ca.1806 d.1882 var son til Ole Johannessen Visdal. Johannes vart 1842 gift med Ragnhild Johnsdatter Valde n. f.ca.1812 d.1849 dotter til John Hansen Valde. Ved barnefødsler er det nemnd at dei var på nigard Visdal. Johannes og Ragnhild hadde 3 barn:

Ingeborg 1841-1848

Iver Ildjern f.1844

John f.1848

Avskjediga skulelærer Johannes Olsen Visdal vart i 1860 gift på nytt med Sigrid Johannesdatter Omfætdalen, Lesja f.ca.1829 dotter til Johannes Mortensen Omfætdalen. I 1865 og 1875 var dei husmannsfolk med jord på Vaarstad. Johannes døyde i 1882 og Sigrid Johannesdatter fekk føderåd da Neslykkja vart seld det året. Johannes og Sigrid hadde 2 barn:

Ragnild f.1863

Hanna f.1867

Neslykkja vart i 1882 frådelt frå nordgard Valde gnr. 86 bnr. 1 med skjøte frå Thor Valde til Thorstein Øiom for kr 1480,-. Skulelærer Thorsten Hansen Øiom, Dovre 1850-1888 var son til Hans Hansen. Tosten vart 1880 gift med Gunhild Jakobsdatter Sandbu nordgard 1850-1926 dotter til Jakob Johannesen Sandbu 1811-1873 og Ingeborg Johannesdatter Viste nordgard 1821-1900. Tosten og Gunild hadde 4 barn:

Ymbjør 1880-1952, neste brukar

Inger f.1882, g.m. Knut Villa

Hans Magnus f.1885

Gustav 1888-1889

Ymbjørg Øiom fekk i 1929 skjøte på Neslykkja frå Hans Løkken samt Inger og Knut Villa for kr 1500,-. Ymbjørg var gift med Mathias Løkken 1888-1979 son til Johannes Syversen Storviksløkken 1852-1929 og Ragnhild Pålsdr. Pålstuen 1854-1925. Ymbjørg og Mathias hadde 4 barn:

Jørgen 1913-1988, neste brukar
Torstein f.1916, til Otta
Gunhild f.1918, g.m. Gundersen. Til Vang.
Ragnhild. Til Oslo.

Neslykkja fekk i 1925 utvist sæter 15 da ved Tesse.

Jørgen leigde Neslykkja av foreldra frå 1937. Han overtok i 1947 med skjøte for kr 2600 inkl. lausøyre kr 1500,-. Jørgen vart 1934 gift med Barbro Perstuen 1915-1995, dei hadde 4 barn:

Magne f.1934, neste eigar
Jehans f.1935
Yngvar f.1938
Brit Eldri f.1940

Magne overtok etter faren i 1986. Han er gift med Mary Mølslett, Åfjord i Trøndelag f.1934 dotter til Elias Mølslett f.1903 og Alvhild Mølslett f.1909. Magne og Mary som bur på Sel har 4 barn:

Bente f.1957
Ann Iren f.1958, g.m. Bjørn Sagdalen
Marit d.1961, g.m. Torbjørn Bråten
Eli f.1970, sbm Vebjørn Skjeggestad

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på nigard Kvarberg, Lyerekken

Kviten nørdr

Gnr. 85 bnr. 10

I 1865 og var Jacob Syversen husmann med jord på nørdr Kviten under sygard Valde, i 1875 føderådsmann. Jacob Syversen Aamodt, Nord-Fron f.1802 frå Steinformsbø vart 1826 gift med Mari Syversdotter Kviten Wisteeiet f.1807 dotter til Syver Andersen Kviten f.1775 og Kari Johansdr. f.ca.1775. Jacob og Mari hadde 8 barn:

Anne 1827-1853
Syver 1830-1831
Syver 1832-1889, neste brukar
Kari f.1835
Mari f.1840
Ragnhild 1843-1849
Anne f.1846
Ragnhild f.1851

Syver Jakobsen var i 1875 husmann og båtbyggjar på nørdrø Kvite. Syver var gift med Marit Iversdotter, Heidal f.1828. I 1864 budde familien i Vassdokken og i 1867 i Heidal. Syver og Marit hadde 2 barn:

Peder f.1864

Rønnaug f.1867

I 1891 fekk Knut Jakobsen Sande husmannsfeste på nørdrø Kviten. Knut 1840-1903 var son til Jakob Hansen Valde n. 1803-1883 og Anne Jakobsdtr. Berge 1808-1886. Knut som var skreddar budde i 1900 på Sande, men da han døydde vart han nemnd som Kviten.

I 1900 var Knut T Kviten husmann med jord under sygard Valde. Knut Thorsen 1868-1935 var son til Thor Hansen Sandbueie og Anne Knutsdtr. Øygarden Kleppeie f.1846. Knut Thorsen Ødegaard vart 1890 gift med Anne Syversdotter Flaten u. Austrem f.1867-1955 dotter til Syver Knutsen. I 1910 budde familien på Størviksygarden. Knut og Anne hadde 10 barn:

Anton 1889-1973, g.m. Rannei Knutsdtr. Brun n. 1891-1969

Syver 1893-1967, g.m. Hanna Kristensdtr. Nystuen 1895-1974

Anne 1895-1977, g.m. Torstein Olsen Enden 1885-1961

Marit 1897-1897

Marit 1898-1982, g.m. Anton Hansen Helleløyken 1886-1977. På Størviksygarden

Ole f.1902-1983, g.m. Kari Johnsdtr. Bjørviken Husehaugen 1901-1988

Amund 1904-1956, ugift

Kari 1906-1990, g.m. Ola Pålsen Kleiven 1903-1978

Arne f.1908

Knut 1914-1930, ugift

I 1910 var det Nils og Guri Kviten som budde på nørdrø Kviten, Nils vart nemnd som gardbrukar og forpaktar. I 1913 kjøpte dei Aasvang og bygde opp der. Nils Næpneset 1872-1952 var son til Imbert Hansen Veien 1849-1967 og Kari Nilsdtr. Næpneset 1846-1935. Nils vart 1903 gift med Guri Pedersdotter ø Runningen 1883-1967, dei hadde 4 barn:

Kari 1903-1977, neste brukar

Ragnhild f.1905

Inger f.1907

Nina Marit 1912-1985, g.m. Reidar Magnus Christensen, Lillehammer 1907-1979

Nørdrø Kviten gnr. 85 bnr. 10 vart frådelt frå sygard Valde i 1913 med skjøte frå Ola N Valde til Knut S Kviten for kr 2000. Dermed vart nørdrø Kviten samanslege med Kviten gnr. 133 bnr. 1.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Kari Størvik, 2018: Brugrenda, Størviksroa, nordi Nessom

Kviten

Gnr. 133 bnr. 1

Knut Siffuersøn på Viste eigde i 1624 1 skinn i Walle Ødegården, kanskje var dette Kviten.

Jordebok 1661 viser at nigard Viste var på 3 huder samt at eit engeland som hørde til var på 1 skinn. Matrikkelen 1668 nemnde Finnhoffde 1 skinn under Viste som tilhørde bonden på Viste og vart brukt av brukarane der. Kviten 1 skinn var matrikulert saman med nigard Viste 3 huder til langt ut på 1800-talet.

Anders Syversen Viste 1737-1782 fekk i 1769 skjøte frå syskjena på nigard Viste 3 huder 1 skinn for 1800 rd. Anders var gift med Synnev Poulsdtr. Kagrud f.ca.1747. I 1781 skjøta Synnev som enkje garden nigard Viste over til bror til mannen, Anders d.y. Syversen Viste for 1920 rd. Synnev og barna flytte til Kviten som var eit underbruk til Viste.

Anders og Synnev hadde 5 barn:

Ragnhild f.ca.1771 d.ca.1795

Syver 1774-1848, neste brukar

Anne f.ca.1777, ugift i 1801

Kari f.ca.1779 d.før 1801

Pål f.ca.1782

Syver Andersen hadde odelsrett på nigard Viste, og i 1797 fekk han kontrakt med daverande eigar av Viste Hans Tordsen Harildstad om at Kviten og sætra Kalven frå da skulle tilhøyre Syver Andersen. Syver Andersen var gift med Kari Johansdtr. Skjedsvold f.ca.1775 d.1849.

Syver og Kari hadde 6 barn:

Synne, 1798-1875, ug. føderådscone i 1865

Sigrud 1804-1877, g.m. Erik Hansen Resvold 1799-1886. Til Haugen i Skårvangen.

Mari f.1808, g.m. Jacob Syversen Aamodt, Nord-Fron f.1802, til nørdrø Kviten

Ragnhild 1812-1873, g.m. Knut Olsen 1798-1887. Til sørø Veslesæter, Lom.

Ragnhild f.1815, g.m. Iver Iversen Lund, Heidal

Kari f.1818, neste brukar

Kari Syversdotter 1818-1859 var gift med Knut Amundsen Veslesæter 1813-1896 son til Amund Johansen Visdal f.1767 og Synne Pedersdtr. Nyrnes f.1773. I 1846 var det skjøte på Kviten frå Syver Andersen til Knut Amundsen for 230 spd. Kviten vart skyldsett og frådelt frå Viste i 1852 som l.nr. 102 b, seinare er dette gnr. 133 bnr. 1. Kari og Knut hadde 1 barn:

Syver f.1847, neste brukar

I 1885 var det føderådsbrev frå Syver Knutsen til Knut Amundsen og John Amundsen, John f.1809 frå Veslesæter var bror til Knut og budde på Kviten. Syver Kviten var gift med Gunhild Erlandsdotter Nettet 1858-1954 dotter til Erland Johnsen Nettet og Marit Ingebretsdtr. Syver og Gunhild hadde 6 barn:

Knut 1880-1963, neste brukar

Kari f.1881

Marit f.1883

John f.1885

Amund f.1887

Anne 1890-1920, g.m. Sigurd Bu 1885-1945

Knut overtok etter faren i 1915, det var skjøte frå Syver Knutsen som einaste arving etter Knut Amundsen til sonen Knut Syversen Kviten for kr 1560,- og føderåd. Knut vart 1926 gift med Gunhild S Kaldbakk 1902-1985, dei hadde 2 barn:

Gunvor f.1926, g.m. Theodor Gjestvang f.1924
Sigurd 1928-2005, g.m. Gloria Hess. Til Atlanta, USA,

Sverre Letrud forpakta Kviten på 1960-talet. Sverre Letrud, Nord-Fron f.1919 var son til Ola Sagflaten, Vågå og Rønnaug Letrud. Sverre vart 1942 gift med Agna Nettet f.1921 dotter til Knut O Nettet og Agnes Nygård, Våler i Østfold. Sverre og Agna hadde 4 barn:

Astrid f.1943, g.m. Finn Melby
Knut Ole f.1944, g.m. Kari Aurud
Asbjørn f.1948, g.m. Reidun Haug
Elisabeth f.1959, g.m. Terje Odde

Knut Gjestvang, Romedal f.1965, son til Gunvor Kviten, overtok Kviten gnr. 133 bnr. 1 etter bestemora i 1978. Han vart 1996 gift med Vigdis Husom, Romedal f.1971 dotter til Per Husom, Lom f.1927 og Gerd Hansen, Oslo f.1930.

Øistein Formo f.1973 kjøpte Kviten i 2001. Øistein er gift med Anne Mari Sandvær f.1975, dei har 2 barn:

Selma f.2011
Estin f.2013

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Seeiendom.no

Kviten søre

I 1865 var Ole Erlandsen Nordal f.1831 husmann utan jord på søre Kviten. Ole var korpstambur og var gift med Kari Olsdotter Storøygarden, Lom f.ca.1836. Dei kom seinare til Øygardsneset og Aabakken. Ole og Kari hadde 2 barn:

John f.ca.1860
Lena f.ca. 1864

Det er uklårt kvar dette var, men i rekkjefølgje i folketeljinga står det mellom nördre Kviten og nedre Runningen og opplista under sygard Valde.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øygarden – Valdeøygarden

Gnr. 85 bnr. 15

I 1900 budde John Olsen Ødegaarden på det som vart nemnd som Valdeødegaarden under sygard Valde. John 1846-1927 var hestgjætar, feiar og tømmerhauggar og dreiv nok ikkje jorda. John var son til Ole Nilsen Moen Sagrusten 1826-1911 og Guri Jakobsdtr. Jakobstugu 1818-1899. John vart 1869 gift med Ragnhild Johnsdotter Synslien 1838-1919, dei budde på Sagrusten/Skreppholet og på Næpneshaugen, men frå ca.1880 var dei på Valdeøygarden. John og Ragnhild hadde 4 barn:

Ole f.1870

Guri f.1872, g.m. Peder Arnesen Braaten. Til Aasvang og Bjørkheim.

Ragnhild f.1876

John f.1880, til Amerika

I 1920 var det John og dottera Ragnhild som budde på det som da vart nemnd som Lilleødegård, i 1910 står det at dei budde i stugu på Kvitens grunn. Dette var ei stugu i kroken ved den gamle fjellvegen like vest for tunet på Øygarden. Ragnhild f.1876 budde her så lenge ho levde. Det er uklart om familien var på same plassen heile tida, eller om dei fyrst budde på Valdeøygarden og så før 1910 flytta ut av tunet til ny stugu på grunn som tilhørde Kvitens.

Øygarden gnr. 85 bnr. 15 vart frådelt frå sygard Valde i 1916 med skjøte frå Ole N Valde til Hans Johannesen Løkken for kr 5000,-. Hans 1885-1970 var son til Johannes Hansen Løkken Storviksløkken 1852-1929 og Ragnhild Pålsdtr. Pålstuen 1854-1925. Hans var gift med Rannei Rasmusdotter Brun Øygardsneset 1885-1953. Hans og Rannei hadde 3 barn:

Ragnhild Ilianna 1911-1993, neste brukar

Ymbjørg 1913-1987, g.m. Fridtjof Randen

Jenny Regine f.1919, g.m. Knut Kalbakk

I 1947 var det skjøte frå Hans Løkken til svigersonen Ola Bakke for kr 2000 samt føderåd til seljaren og hustru Rannei verdsett til kr 3500. Ola J Bakke 1912-1991 var son til Johannes Olsen og Marit Steinstugu. Ola vart 1934 gift med Ragnhild H Løkken 1911-1993, dei hadde 3 barn:

Marit f.1934

Hans f.1936, neste brukar

Randi-Jorunn f.1945

Hans overtok etter faren i 1977. Hans vart 1958 gift med Ragna Kathrine Lie, Fredrikstad f.1936 dotter til Ottar Wicklund, Oslo f.1911 og Annelise Aagaard f.1913. Hans og Ragna har 3 barn:

Ole Hartvig f.1958, var sbm Jorunn Linderud

Lars f.1959, g.m. anne Marie Nordal

Hans f.1964, sbm. Toril Hårdnes

Stenset bnr. 85 bnr. 19 Ottadalsvegen 3718 vart i 1947 frådelt frå Øygarden. I 1959 var det skjøte frå Hans J Løkken til svigersonen Knut Kalbakk. Knut var gift med Jenny f.1919. I 1991 var det skjøte til Solveig Kalbakk f.1948, Jenny skulle ha burett så lenge ho levde.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Valdvik – Øygarden

Gnr. 86 bnr. 2

Øygarden vart brukt som føderådsbruk under nordgard Valde. I 1875 var enkja Kari Ivarsdotter 1782-1877 føderåds-kone. Kari var frå oppigard Viste, ho vart 1806 gift med Jon Hansen Valde n. 1782-1842, dei overdrog til sonen Hans Jonsen f.1806 i 1834. Ein av barna budde hjå mora i 1875:

John Johnsen f.1819, brukar av føderådet i 1875. Ugift, budde på Storvik s. i 1900.

Folketeljinga i 1875 viser at det da var to bruk på Øygarden/Valdvik. Hans Johnsen f.1806 d.etter 1891 hadde også vorte føderåds-mann. Hans overdrog nordgard Valde til sonen i 1862. Hans vart 1831 gift med Barbro Simensdotter Viste nig. 1802-1895. To av barna budde hjå foreldra i 1875:

Hans 1845-1914, brukar av føderådet i 1875

Mari f.1840, hjelpte faren å bruke føderådet i 1875. Mari hadde sonen Ivar Hansen f.1868

Nordgard Valde vart seld på tvangsauksjon i 1888 med skjøte tinglyst i 1891. Øygarden eller Valdvik som det nå vart kalla, vart frådelt frå Valde gnr. 86 bnr. 1 som Valdvik gnr. 86 bnr. 2 i 1894 med skjøte i 1895 frå Ivar J Visdal til Ivar Thorsen Valde n. for kr 3000,-. Ivar Thorsen var frå nordgard Valde son til Thor Hansen Valde 1834-1916 og Ingrid Johannesdtr. Viste nordgard 1826-1911. Foreldra flytta til Valdvik etter at sonen overtok. Ivar Thorsen 1865-1951 var gift med Kari Storvik m. 1870-1957. Ivar og Kari hadde 4 barn:

Ingrid f.1895

Thor 1899-1970, neste brukar

Anne f.1908, til Oslo

Gunhild f.1912, seinare brukar

Thor overtok i 1935. Han var ugift.

Gunhild vart 1947 gift med Asmund Tøfte f.1917 son til Anton Tøfte og Gina Legun. Asmund og Gunhild var paktarar i Darthus 1947-1963, i 1956 kjøpte dei grunn frå almenninga og bygde opp bruket Åsrud gnr. 174 bnr. 1. Gunhild og Asmund overtok Valdvik i 1963 etter bror hennar. Gunhild og Asmund hadde 2 barn:

Anna Kari f.1949, g.m. Roger Granberg. Til Legun.

Ivar f.1951, neste brukar

Ivar overtok etter foreldra i 1984. Han vart 1982 gift med Eli Lindstad, Lillehammer f.1955 dotter til Knut Lindstad f.1927 og Audhild Wensaas f.1925. Ivar og Eli har 3 barn:

Ingrid f.1982, neste brukar

Kari f.1985

Tor f.1987

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Arnøygarden

Gnr. 86 bnr. 9

Christen Jonsen Valde n. f.ca.1758 var son til Jon Hansen Valde n. 1723-1813 og Kari Christensdtr. Fellese 1737-1792. Christen var gift med Imbiør Olsdotter f.ca.1754 d.1832. Dei var husmannsfolk på Arnøygarden, folketeljinga 1801 viser at dei var husmannsfolk utan jord under nordgard Valde. Christen og Imbiør hadde 2 barn:

Anders f.1794

Gunhild f.ca.1795 d.1866, neste brukar

Gunhild vart 1815 gift med Arne Knutsen Ulvsbu 1792-1874 son til Mari Pedersdtr. Ulvsbu f.ca.1764 og Knut Hansen. I 1842 vart det tinglyst bygselseddel frå 1815 på nørde Øygardsneset og Purkelykkja ved Finnhovda frå Hans Jonsen og Jon Hansen til Arne Knutsen. Gunhild og Arne hadde 6 barn:

Peder f.1816

Peder f.1817

Jon 1822-1891, ugift

Ole 1824-1892, g.m. Anne Johnsdtr., Smøla 1835-1926. Til Kjølstad.

Knut 1830-1910, neste brukar

Imbjør 1834-1918, g.m. Ole Olsen Tesanden s. f.1834

Knut var gift med Guri Hansdotter Valdeie Bondestugu 1830-1896 dotter til Hans Bondesen Øyseie f.ca.1806 d.1900 og Brit Olsdtr. Nesset f.ca.1805 d.1875. Knut og Guri hadde 7 barn:

Peder 1858-1928, neste brukar

Hans 1859-1948, g.m. Annette Pedersen, Moss 1870-1967

Gunhild 1863-1883, u.g.

Barbro 1866-1874

Andreas 1870-1874

Anna Barbara 1873-1958, g.m. Syver Syversen Kalbakk 1865-1937

Andreas f.1877

Peder K Øygarden 1858-1928 var gift med Kari Johnsdtr. Storsteinen u. Lye 1860-1941 dotter til John Hansen Storsteinen 1820-1899 og Guri Nilsdtr. 1825-1904. Arnøygarden gnr. 86 bnr. 9 vart i 1913 frådelt frå nordgard Valde gnr. 86 bnr. 1 med skjøte frå Knut Flatmo vedteke av Ivar Visdal til Peder K Ødegaarden for kr 1500,-. Peder og Kari hadde 10 barn:

Knut f.1883, til USA

Gunhild 1886-1958, g.m. Rudolf Pettersen. Gunhild og barna budde på 1920-talet i ei stugu på Sandrunningen. Gunhild og Rudolf hadde 5 barn:

Karl f.1915, g.m. Mari Odnos

Sofie f.1920, g.m. Jon Skjedsvold 1909-1995

Åge, til Sandnes

Eli, til Los Angeles

Kari, til Oslo

John f.1889, til USA

Hans f.1891, til USA

Marit f.1894, til USA

Guri f.1897, g.m. C.A.Moe, Rælingen
Anna f.1899, g.m. A. Kleivstue, Askim
Andreas 1901-1981, neste brukar
Peter Kristian 1903-1979, g.m. Ragnhild Øygaardshaugen 1905-1998. På Veistad
Karen 1905-1979, ugift

Andreas overtok i 1928. Han var gift med Aslaug Herskedal 1903-1927. Andreas vart 1948 gift på nytt med Marie Sagsletten f.1922 dotter til Ingebret Sagsletten 1883-1970 og Ragnhild Myrum 1894-1981, dei hadde 1 barn:

Ruth Kari f.1955, neste eigar

Marie hadde før ekteskapet 1 barn:

Anne Marie f.1940, g.m. Kåre Ramen

Ruth Kari overtok i 1982, ho vart 1983 gift med Tore Wedum, Øyer f.1956 son til Bjarne Wedum f.1916 og Aslaug Rudi f.1916. Ruth Kari og Tore bur i Øyer, dei har 3 barn:

Mari f.1984

Henrik f.1986

Teodor f.1993

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øysten Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Fellese med nordre Valderekken

Finn Pettersen

Barbrostugu

Gnr. 86 bnr. 6

Barbro Olsdotter 1828-1913 var dotter til Barbro Gudbrandsdotter Rusnes 1799-1887 og Ola Tjøstelsen Kleppe s. Haugøy 1791-1865. Barbro Gudbrandsdotter vart seinare gift med Imbert Jonsen Brattland 1798-1876 og fekk tre barn, dei budde på Svelstad mellom Skultbakken og Fluguhaugen. Ola Haugøy vart gift med Gunhild Pålsdotter Sve 1803-1876 og dei fekk fem barn.

Barbro Olsdotter som var fødd på Rusnes vart gift med Ola Jonsen nordgard Valde 1822-1913 som var son til John Hansen Valde 1782-1842 og Kari Iversdotter. Viste oppigard 1782-1877. Ved barnefødsler i 1849 og 1854 budde Barbro og Ola på nordgard Valde. I 1865 og 1875 budde dei på Øygarden eller Valdeøygarden som truleg var Barbrostugu, så da har dei etablert seg der ca. 1860. Barbrostugu låg ovanfor fjellvegen ovanfor Arnøygarden, i dag ser ein berre tomtene. Både Valdvik, Arnøygarden og Barbrostugu låg under nordgard Valde og gjekk under namnet Øygarden. Ola vart i 1865 nemnd som snekker, i 1875 som tømmermann og brukar av plassen. Også i 1891 budde Ola og Barbro på Valdeødegården.

I 1900 var Ole Johnsen Valdeødegården f.1833 jordbrukande husmann, han var gift men berre han vart nemnd i husstanden. Barbro reiste til dottera i Minnesota i 1899, men kom att i 1901. I 1910 budde Ola og Barbro Ødegården på plassen Valdeødegården, sonen Iver var da ugift skomakersvenn. Husmann Ola Jonsen Valdeøygarden døyde av alderdomssvakheit

17. oktober 1913, arbeidarenkje Barbro Olsdtr. Øygarden døydde av gikt 25. desember 1913. Ola og Barbro hadde 4 barn:

Kari f.1849, d.etter 1875. Tenestjente på Viste u. i 1875.

Imbiør 1854-1940, g.m. Rasmus Knutsen Brun n. 1855-1934. Til Øygardsneset.

Iver f.1865, ugift. Til USA. Døydde i Vågå under krigen.

Anne f.1868, til USA g.m. Iver Gudbrandsen Volden/Stykket. f.1863

Barbrostugu gnr. 86 bnr. 6 vart frådelt frå nordgard Valde i 1913 da parsellen var seld frå Knut Flatmo og Ivar Visdal til Johs. Mo. Johs. Mo kan vera Johannes Mo 1860-1934 som hadde både Mo og nordgard Viste. Seinare er Barbrostugu tillagt Arnøygarden gnr. 86 bnr. 9.

Kjelder:

Pål Øysten Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Kleppe, Sygard Storvik m/Rusnes

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Aasvang

Gnr. 85 bnr. 9

I 1842 vart det tinglyst bygselseddel frå 1815 på Arnøygarden og Purkelykkja ved Finnhovda frå nordgard Valde til brukaren av Arnøygarden.

I 1900 budde Guri Ødegaarden f.1872 på Purkeløkken under sygard Valde. Guri var frå Valdeøygarden dotter til John Olsen Sagrusten 1846-1927 og Ragnhild Johnsdtr. Synslien 1838-1919. Guri vart 1895 gift med Per Arnesen Bråten f.1874 og dei kom seinare til Bjørkheim. Guri og Per hadde 3 barn:

Anders f.1895, g.m. Anne Syversdtr. Amundgard f.1903

John f.1897-1956

Johan 1908-1979, g.m. Kari Ulsanden 1904-1983

Aasvang gnr. 85 bnr. 9 vart 1913 frådelt frå sygard Valde gnr. 85 bnr. 1 med skjøte frå Ola N Valde til Nils I Næbnesset for kr 1100,-. I 1921 vart Løkken gnr. 86 bnr. 12 frådelt frå Arnøygarden gnr. 86 bnr. 9 og det går fram at kjøparen var Nils Aasvang. Purkelykkja var ei lykkje mellom Aasvang og nedre Runningen, og det finst ei hustomt der. Nils Næbneset 1872-1952 var son til Imbert Hansen Veien 1849-1967 og Kari Nilsdtr. Næbneset 1846-1935. Nils vart 1903 gift med Guri Nilsson Runningen ø. 1882-1967 dotter til Nils Syversen Dalestugu 1827-1904 og Ragnhild Knutsdtr. Brun 1863-1932. Nils og Guri hadde 4 barn:

Kari 1903-1977, neste brukar

Ragnhild f.1905

Inger f.1907

Nina Marit 1912-1985, g.m. Reidar Magnus Christensen, Lillehammer 1907-1979

Kari vart 1932 gift med Johan Vassdokken 1897-1971 son til Jakob Vassdokken og Marit Løkkesæter. I 1937 var det skjøte frå Nils Næbnesset til Johan Vasdokken på Aasvang og Løkken for kr 2250,-. Kari og Johan hadde 4 barn:

Jens f.1933

Gerd f.1937

Ragnhild f.1941

Kjersti f.1949, neste brukar

Kjersti tok over etter faren i 1970. Ho vart 1978 gift med Ivar J Dalen f.1942. Dei bur i Dalen og det har ikkje budd nokon på Aasvang etter 1977. Kjersti og Ivar har 2 barn:

Jan f.1978, neste brukar

Terje f.1980

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Stavseng med Ringneset, Brun

Kjersti Aasvang Dalen

Åsberg – Kleivrunningen

Gnr. 85 bnr. 6

Stadnamnkart har påteikning om at Aasvang og Åsberg for det meste var slåttland og vart kalla Storrunningen før dyrkinga.

Åsberg gnr. 85 bnr. 6 vart frådelt frå sygard Valde gnr. 85 bnr. 1 i 1905 med skjøte i 1906 frå Nils Valde til Hans I Kleiven for kr 1000,-. Hans Kleiven kjøpte da udyrka jord og bygde opp eit nytt bruk. Åsberg ligg i Runningsgrenda og blir også kalla Kleivrunningen. Hans Kleiven nedre 1852-1936 var son til Imbert Olsen Hagen og Marit Ivarsdtr. Moshuset 1814-1893. Hans vart 1877 gift med Mari Paulsdotter Kårstad 1850-1925, dei dreiv nedre Kleiven i Nordherad. Hans og Mari hadde 7 barn:

Imbert 1879-1955, dreiv smie i Vågåmo, gift 1911 med Rønnaug Rolfsdotter Frisvold 1883-1944

Pål 1881-1968, neste brukar

Mathias 1884-1950, Storviksøygarden, gift 1915 med Marit Nilsdotter Odden 1888-1968

Ingvald 1887-1960, gift 1915 med Torø Finstad 1891-1978, i Vågåmo

Ivar f. 1889, til Oppdal

Hans f. 1892, til Ringebu

Anne 1900-1987, gift med Per J. Ness 1883-1956, i midtre Ness.

Pål overtok Åsberg etter faren i 1920 med skjøte for kr 2000 inkl. lausøre kr 500 samt føderåd til foreldra verdsett til kr 500. I 1932 fekk Pål skjøte på nedre Kleiven frå landbruksdepartementet, dette vart avhenda seinare på 1930-talet. Pål vart 1923 gift med Ragnhild Nyhus 1895-1931 dotter til Ola S Bondestugu og Ingrid Nyhus. Pål og Ragnhild hadde 2 barn:

Magnhild f.1924, neste eigar

Ingrid f.1929, g. Halsne

Magnhild overtok i 1967. Ho vart 1959 gift med Einar Teigen, Nord-Fron f.1925 son til Edvard Teigen, Sel og Margit Slåen, Sel. Magnhild og Einar hadde 2 barn:

Solveig Ragnhild f.1964, sbm John Iversen

Pål Erik f.1966, neste eigar

Pål Erik Teigen, Gjøvik overtok i 1974, han er sbm Sidsel Åløkken, Ringebu f.1969. Det har ikkje budd folk der sidan 1968.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Rydningen – Sandrunningen

Gnr. 132 bnr. 1

Runningen l.nr. 104 c (gnr. 132 bnr. 1) vart i 1875 frådelt frå nordgard Valde gnr. 86 bnr. 1 med skjøte i 1882 frå Thor Hansen Valde til Ole Olsen Tessanden for kr 800,-. Dette bruket blir også kalla Sandrunningen fordi folket kom frå Sanden / Tessanden. Ole Olsen Kalbak f.ca.1833 var son til Ole Syversen Kalbak. Ole vart 1858 gift med Imbjør Arnesdotter Waldeie Arnøygarden 1834-1918 dotter til Arne Knutsen Ulsbu Waldeie 1791-1874 og Gunhild Christensdr. Wiste f.ca.1793 d.1866. I 1910 budde Ole og Imbjør på Rydningen, i 1900 og tidlegare var dei på Tessanden. Ole og Imbjør hadde 7 barn:

Ole 1857-1857

Ragnild 1858-1933, neste brukar

Gunild f.1861

Oline f.1864

Anne f.1867

Ole f.1871

Mari 1874-1964, på Rydningen

Ragnhild vart 1881 gift med Knut Nilsen Brun 1856-1894 son til Nils Rasmussen Brun 1829-1919 og Anne Jakobsdr. Ringneset 1826-1917. I folketeljinga 1891 og barnefødsjar før dette budde familien i Brun. Knut reiste til USA i 1894 der han døydde. I 1900 budde Ragnhild og familien på Rydningen. Ragnhild kjøpte søre Tessanden i 1906, det ser ut til at ho bytte med foreldra slik at dei kom til Rydningen og ho flytta til Tessanden. Ragnhild og Knut hadde 4 barn:

Anne f.1881. Til USA.

Ole 1883-1966, på søre Tessanden

Nils 1887-1984, var i USA

Knut 1891-1978, neste brukar

Knut K Tessand 1891-1978 overtok etter bestefaren Ole Olsen Tessanden i 1913. Knut vart 1916 gift med Barbro A Aasheim 1897-1921 dotter til Anders Nilsen Valde s. 1863-1943 og Mari Ivarsdr. Lillesæter 1868-1933. Knut og Barbro hadde 2 barn:

Ragnhild Marie 1916-1996, neste brukar

Astrid Kristine 1921-1922

Ragnhild overtok i 1974. Ho vart 1939 gift med Thor Tessnes 1908-1985 son til Anton Tessneset og Anne T Hammerdalen, Lom. Ragnhild og Thor hadde 3 barn:

Björg Anna f.1940, g.m. Ola Haugen, Brennhaug på Lalm

Anton Kåre 1943-1950

Anton Kåre f.1952, neste brukar

Anton overtok i 1952. Han vart 1978 gift med Anne Pauline Grjotheim, Lom f.1957 dotter til Syver Grjotheim f.1915 og Embjørg Stamstad f.1913. Anton og Anne har 2 barn:

Anders f.1979

Åshild f.1983

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, Slekten på Stavseng, sygard Valde

Runningen nedre

Gnr. 85 bnr. 4

I 1865 var Ole Paulsen f.ca. 1802 husmann med jord på nedre Runningen under sygard Valde. I 1875 var Ole Paulsen f.1802 vanfør, bruket vart da kalla søre Runningen. Ole var ikkje gift men budde saman med Mari Larsdotter f.1815 som i 1865 vart nemnd som hushaldar. Mari kan ha vore frå Tessneset dotter til Lars Andersen Tessneset 1769-1826 og Kari Olsdr. 1774-1838. Ole og Mari hadde 2 barn:

Poul 1846-1847

Paul f.1848, neste brukar

Paul Olsen var i 1875 brukar av plassen. Han var gift med Kari Hansdotter Tessneset f.1838 dotter til Hans Knutsen Kagrud 1801-1869 og Anne Larsdr. Tessneset 1810-1895. Viss det stemmer at Mari Larsdotter var frå Tessneset så var Paul og Kari syskjebarn. Paul og Kari hadde 3 barn:

Ole f.1868

Hans f.1870

Mari f.1874

Lars Runningen 1834-1922 var i 1900 husmann med jord. Nedre Runningen gnr. 85 bnr. 4 vart 1905 frådelt frå sygard Valde med skjøte i 1906 frå Nils Andersen Valde til Lars Andersen og Mari Larsdotter for kr 950,-. I 1910 var Lars Andersen Runningen gardbrukar og sjølveigar. Lars Andersen var utanfor ekteskap son til Anders Larsen Stokstad og Ymbjør Jacobsdr. Flatum, Lars Flatum som han da vart kalla vart 1859 gift med Ymbjør Eriksdotter Stokstadeie f.1829 dotter til Erik Paulsen Stokstadeie Nettet søre 1801-1882 og Mali Olsdr. Øyseiet 1801-1868. Lars og Ymbjør budde på Stokstadnesset da barna vart fødde, i 1875 var dei på Hanslykkja. I 1891 var Lars og Ymbjør på Runningen saman med dottera Mari. Lars og Ymbjør hadde 5 barn:

Anders 1861-1874

Paul f.1865, til Rennebu

Jacob f.1867

Mari 1869-1950, neste brukar

Imbjør f.1872, g.m. Jakob Olsen Maristugu 1865-1934, til Bruhaugen

I 1920 vart Mari nemnd som småbrukar. I 1922 var det skjøte på Lars Andersens halvdel av eigdommen til dottera Mari Larsdotter for kr 350,-. Mari var ugift og hadde dottera

Ymbjør Andersdotter f.1898, neste brukar

I 1936 var det skjøte frå Mari Larsdotter Runningen til svigersonen Ole J Sagstuen for kr 1000,- samt føderåd til Mari verdsett til kr 1500,-. Ole var son til John Olsen Sagstuen 1863-1951 og Kari Jakobsdtr. Nørjordet, Lom 1862-1942. Ole d.1966 vart 1930 gift med Ymbjør Runningen. Dei hadde ikkje barn.

I 1984 vart det tinglyst hjemmelsovergang til Gunvald Wold f.1935.

Astrid Bakke kjøpte i nyare tid nedre Runningen, ho eig også øvre Runningen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom

Kari Storvik, 2022: Uppi Synsliom

Ivaflata – Stykket

I 1900 var den ugifte Iva Stykket f.1848 husmann utan jord (men jordbrukande) på Stykket under sygard Valde. På flata ovanfor husa på øvre Runningen blir det kalla Ivaflata. Dette kan stemme med rekkjefølgja i folketeljinga der Iva står mellom øvre og nedre Runningen. Påteikning på stadnamnkart nemner at stugu låg i vegkanten og at det var Iva Snippen som budde der saman med mor si. Den einaste Ivar som passar med fødselsåret er Ivar Olsen Aasødegaardshaugen 1848-1905 frå Aasheim son til Ole Gudbrandsen Rusnes 1812-1876 og Anne Johnsdotter Valde s. 1819-1899. Ved dødsfallet vart Ivar nemnd som jordarbeidar. Kanskje har Ivar og mora flytta frå Aasheim da Anders Valde etablerte seg der ca. 1890.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, stadnamnkart, avskrifter pantebøker mm.

Runningen øvre

Gnr. 85 bnr. 5

I 1865 og 1875 var det Ivar Jakobsen som brukte plassen og var husmann med jord. Han var son til Eldri Pedersdtr. Sandnes n. f.ca.1766 d.ca.1824 og Jacob Olsen. Iver Jacobsen Wisdalseiet 1802-1878 vart 1826 gift med Marit Larsdotter Wisted eller Visteeie f.ca.1803 d.1858, dei hadde 1 barn:

Jakob f.1827

Ivar vart 1860 gift på nytt med med Annø Thorsdotter Valdeieie 1816-1870 dotter til Thor Syversen Bråtå ø. f.1788 og Imbjør Pedersdtr. Kolgroven 1781-1855. Annø hadde med Hans Andersen f.ca.1795 dottera:

Ingeborg Hansdotter f.ca.1841, g.m. Knut Rasmussen Perstugu f.1849

Ivar vart 1874 gift for tredje gong med Sigri Svendsdotter Simonsnæsset f.ca.1816 d.1902.

Nils Syversen Dalestugu 1860-1923 var son til Syver Nilsen Dalestugu 1829-1904 og Guri Johannesdotter Prestgardseie Runningen i Kveom f.ca.1826 d.1912. Nils var gift med Ragnhild Knutsdotter Brun 1863-1932 dotter til Knut Rasmussen Brun 1817-1891 og Rannei Jakobsdtr. Ringneset 1823-1882. Ved barnefødsler var familien på Bruhaugen i 1889 og 1892, medan dei i 1896 var på Runningen. Nils og Ragnhild var husmannsfolk på øvre Runningen til dei kjøpte bruket i 1906. Øvre Runningen gnr. 85 bnr. 5 vart 1905 frådelt frå sygard Valde med skjøte i 1906 frå Nils Andersen Valde til Nils S Runningen for kr 1000,-. Nils vart i 1910 nemnd som gardbrukar og i 1920 som småbrukar. Nils og Ragnhild hadde 7 barn:

Guri 1882-1967, g.m. Nils Imbertsen Veien Næpneset 1872-1952

Knut f.1885, g.m. Ragnhild Valbjørslykkja 1889-1949

Syver 1889-1932, neste brukar

Johannes 1892-1982, g.m. Anne Rasmusdtr. Groven 1896-1952

Rannei 1896-1969, g.m. Gunvald Sveen, Lom 1901-1974, Rannei hadde med Tor Jakobsen

Lundelykkja f.1900 (som hadde reist til Amerika) sonen Reidar Jørgen f.1924

John 1899-1920

Kristian 1903-1920

I 1925 var det skjøte frå Nils S Runningen til sonen Syver Runningen for kr 1400,-, seljar og hustru skulle ha føderåd. Syver vart 1920 gift med Anne Lunde 1893-1979 dotter til Johannes Hansen Lunde 1836-1922 og Marit Olsdtr. Svare 1849-1937. Syver og Anne hadde 2 barn:

Ragnhild f.1921, neste brukar

Marit 1926-1978, g.m. Magnus Myrum f.1920

Ragnhild overtok i 1963. Ho vart 1945 gift med Harald Bakke 1918-1993 son til Johannes O Bakke, Vestre Toten f.1870 og Marit Steinstugun f.1881. Ragnhild og Harald hadde 2 barn:

Astrid f.1948, neste eigar

Jan f.1951, g.m. Inger Øyen

Astrid Bakke er sambuar med Kristen Berge, Nordfjordeid.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Stavseng med Ringnesset, Brun

Aasheim – Aasødegaardshaugen – Haugen

Gnr. 85 bnr. 3

I 1865 og 1875 var Ole Gudbrandsen husmann med jord på Haugen under sygard Valde. Eit anna namn som vart brukt var Aasødegaardshaugen. Ole Gudbrandsen Rusnes 1812-1876 var son til Gudbrand Knutsen Huden Rusnes 1770-1821 og Kari Olsdtr. Storvik s. 1774-1860. Ole vart 1844 gift med Anne Johnsdotter Valde s. 1819-1899 dotter til John Iversen Valde s. 1786-1866 og Kari Jakobsdtr. Sandbu n.nn 1779-1867. Ole og Anne hadde 8 barn:

Ole f.1845, ugift

John 1846-1851

Ivar 1848-1905, ugift vegarbeidar i 1875

Gudbrand 1851-1877, ugift

John 1853-1917, ugift
Gunhild f.1855
Jakob f.1856, til USA
Kari f.1860, g.m. Paul Hansen Tessneset f.1858, til USA

Aasheim gnr. 85 bnr. 3 vart frådelt frå sygard Valde i 1899 med skjøte i 1900 frå Nils Andersen til sonen Anders Nilsen for kr 2000,-. Anders Nilsen Valde s. 1863-1943 var son til Eldri Ivarsdr. Valde 1841-1911 og Nils Andersen Strand n. 1836-1913. Anders var gift med Mari Ivarsdotter Veslesæter Grev 1868-1933 dotter til Ivar Jakobsen Veslesæter 1848-1924 og Mari Syversdr. Grev 1838-1899. Ved fødsel i 1889 var Anders nemnd som inderst og da budde dei truleg på Valde, men i 1892 står det at han var gardbrukar på Aasødegaarden.

Anders og Mari hadde 7 barn:

Eldri 1887-1970, g.m. Knut Rasmussen Brun 1878-1966. På Øygardsneset
Mari 1889-1977, g.m. Ola Rasmussen Brun 1888-1969, til Ripstrand
Nils 1892-1983, neste brukar
Barbro 1897-1921, g.m. Knut Knutsen Tessand, Rydningen 1891-1978
Inger 1903-1925, ugift
Anna 1906-1976, g.m. Conrad T Carlsen 1902-1996
Ivar 1912-1997, g.m. Marit Torstensdr. Enden 1920-1999

I 1932 var det føderådskontrakt frå Nils Aasheim til foreldra Anders Aasheim Valde og hustru verdsett til kr 750,-. I Norske gardsbruk står det at Nils overtok i 1925. Nils Aasheim fekk skjøte i 1940 for kr 7110,55. Nils var gift med Rønnaug Thorsdotter Odde/Hammerdalen, Lom 1894-1966 dotter til Tor Johannessen Kvernstugu 1860-1950 og Rønnaug Johannesdr. Storåen 1858-1904. Nils og Rønnaug hadde 11 barn:

Asbjørn 1916-1992, neste brukar
Reidar 1918-1989, g.m. Gudrun Enden
Bjørn f.1920, g.m. Gunhild K Maristuen f.1932
Borghild 1923-2007, g.m. Ivar T Brenna 1920-1990
Leif f.1927, g.m. Ranveig N Dale f.1925
Inger f.1927, g.m. Ola J Visdal f.1927
Magne f.1929, g.m. Kari S Hølmo f.1936
Aase f.1931, g.m. Nils K Sande 1914-1991
Mari f.1933, g.m. Ole Frdrik Bernhoff Bakken 1931-1999
Georg f.1935, g.m. Halldis H Øvstedal f.1942
Halle 1937-1995, g.m. Astrid J Fonstad f.1937

Asbjørn vart 1942 gift med Maja T Brenna, Lom 1916-1991 dotter til Tore Brenna og Kari Løkken, Vågå. Asbjørn og Maja hadde 1 barn:

Reidun f.1943, neste eigar

Reidun overtok i 1992. Ho vart 1963 gift med Jan Randen f.1943 son til Jakob Randen f.1905 og Julie Lien f.1915. Reidun og Jan bur i Vågåmo, dei har 2 barn:

Joar Rune f.1963, neste brukar
Jann Tore f.1971

Joar Rune er gift med Else Marie Mork f.1965 dotter til John Mork f.1935 og Målfrid Gunderhøgsti, Brøttum f.1939. Joar og Else Marie overtok drifta frå 1984. Dei har 2 barn:

Randi Merethe f.1983
Asgeir f.1987

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slektene på sygard Storvik m/Rusnes, og på sygard Valde

Utsikten

Gnr. 85 bnr. 18

Utsikten gnr. 85 bnr. 18 vart 1940 frådelt frå Aasheim gnr. 85 bnr. 3 med skjøte frå Nils Aasheim til Conrad Carlsen og hustru Anna for kr 150,-. Konrad Reodor Karlsen, Oslo 1902-1996 var son til Anne Olsdr. Nyhus f.1874 og i 1950 kjøpte han øvre Brun av tanta Ingrid Nyhus. Konrad vart 1933 gift med Anna Andersdotter Aasheim 1906-1976 dotter til Anders Nilsen Valde s. 1863-1943 og Mari Ivarsdotter Veslesæter Grev 1868-1933. Konrad og Anna budde på Utsikten og hadde fjøs, låve og litt jord der; dei frakta nedover avling frå øvre Brun som dei selde i 1975. Konrad og Anna hadde ikkje barn.

Nåverande eigarar av Utsikten er Uno Løken og Merete f. Aasheim. Merete er dotter til Halle Aasheim 1937-1995, og Anna Karlsen var tanta til Halle.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Aasli

Gnr. 85 bnr. 24

Reidar Aasheim bygde på Aasli utan at arealet var frådelt frå Aasheim. Reidar 1918-1989 var son til Nils Valde Aasheim f.1892 og Rønnaug Hammerdalen, Lom f.1894. Reidar vart 1944 gift med Gudrun Enden f.1924 dotter til Mathias Enden 1893-1978 og Anne Myhren 1897-1983. Reidar og Gudrun overtok Enden i 1956. Reidar og Gudrun hadde 1 barn:

Ruth f.1944, g.m. Gudmund Bergdølmo, Heidal f.1940

Aasli gnr. 85 bnr. 24 vart 1960 frådelt frå Aasheim gnr. 85 bnr. 3 med skjøte frå Reidar Aasheim vedteke av Nils Aasheim til broren Halle Aasheim 1937-1995 for kr 15000,-. I 1985 vart ytterlegare 2,4 da frådelt frå Aasheim som Aasli II gnr. 85 bnr. 29 med skjøte til Halle Aasheim frå broren Asbjørn Aasheim. Halle var gift med Astrid J Fonstad 1937-1988. Halle og Astrid hadde 3 barn:

Arve, g.m. Gunn Berit Perstuen f.1967

Vidar, g.m. Vidar Aasheim Eldbjørg Holen f.1965

Merete, g.m. Uno Løken. Til Utsikten

I 1986 var det skjøte på 1/10 av Aasli gnr. 85 bnr. 24 og 29 til Arve Aasheim f.1961. Om lag 1990 overtok Vidar Aasheim bustadhuset på Aasli gnr. 85 bnr.31, medan reisten vart overført til Arve Aasheim.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Norske gardsbruk 1953-1997

Aasgaard

Gnr. 86 bnr. 3

Aasgaard er ikkje nemnd i folketeljinga i 1865 og 1875. Ved dødsfall i 1895 er dette nemnd som Aasødegaarden. Stadnamnkart har påteikning om at husa tidlegare stod nede på jordet, nær gjerdet til Aasheim.

Aasgaard gnr. 86 bnr. 3 vart frådelt frå nordgard Valde gnr. 86 bnr. 1 i 1894 med skjøte frå Ivar Johnsen Visdal til Iver Hansen Valde for kr 800,-. I 1900 og 1910 var Ivar H Valde/Aasgaard 1868-1953 gardbrukar. Også den ugifte onkelen Hans H Valde f.1845 budde på Aasgaard. Ivar var son til Mari Hansdotter Valde n. 1840-1900 og Hans Ottosen Fjøsne f.1832. I 1875 budde Ivar på Valdvik saman med mora, onkelen og besteforeldra. Truleg var det der Ivar budde også i 1891 saman med mora og onkelen. Ivar var gift med Mari H Steine s. 1867-1935, dei hadde 2 barn:

Simon 1900-1987, g.m. Kari Andvord, Austrem n. 1905-1990. Til Kremar-Sandbu
Hans f.1902

I 1931 var det skjøte på Aasgaard frå Iver H Aasgaard og hustru Mari Aasgaard til grosserer Fridthjof Larsen for kr 15000,- inkl. lausøyre kr 1000,-.

Kristen Ellingsbø, Heidal 1903-1972 leigde garden frå 1928 og kjøpte den i 1950 av Fredrikke Berggrav. Kristen var frå Kræmar-Sandbu son til Pål K Ellingsbø 1863-1950 og Ragnhild Pålsdtr. Harlaug 1874-1951. Kristen var gift med Beate Lunde, Sørem 1905-1975 dotter til Iver Lunde og Marie Frantsen, Vang i Hedmark. Kristen og Beate hadde 2 barn:

Torbjørge f.1937, neste brukar
Petter 1942-1959

Torbjørge vart 1958 gift med Kåre Høijord, Rannes i Vestfold f.1935 son til Hans Kristian Høijord f.1890 og Martine Paulsen f.1892. Torbjørge og Kåre overtok Aasgaard i 1972, ho overtok Sørem i 1990. Torbjørge og Kåre har barna:

Kristin f.1958, sbm Steinar Viken f.1958
Synnøve f.1961, neste brukar
Berit Anette f.1967, på Sørem
Kjell Petter f.1969, g.m. Margrete Lindstad

Synnøve er gift med Ola Magne Svare f.1957, dei har 2 barn:

Liv f.1990
Marit f.1992

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Bondestugu – Skogly

Gnr. 86 bnr. 11

Bonde Arnesen f.1781 var i 1801 tenestekar på Sande, han var truleg son til Arne Bondesen f.ca.1757 og Ingelev Ingebretsdtr. f.ca.1746 på Bondesens plass i Synslien. Bonde budde på Lyeneie da han døydde i 1821. Ungkar Bonde Arnesen vart 1810 gift med Guri Hansdotter, med Jon Valde som vitne. Legdslem Guri Hansdotter Valdeeeige 78 år døydde i 1845, dette kan vera ho. Det er namnet Bonde og at etterkomarane budde her som tyder på at Bonde og Guri budde i Bondestugu. Bonde og Guri hadde 1 barn:

Hans f.1806, neste brukar

I 1865 var Hans Bondesen 1806-1900 husmann med jord. Hans vart nemnd i Synslien da han vart konfirmert i 1821. Hans vart 1829 gift med Bridt Olsdotter Næset 1805-1875 dotter til Ole Stenersen. Ved barnefødsler i 1830 og 1835 budde dei som inderstar på Rottemseige og i Kveen, i 1841 var dei husmannsfolk på Valdeeeige. Hans og Bridt hadde 3 barn:

Guri 1830-1896, g.m. Knut Arnesen Arnøygarden 1830-1910

Hans 1835-1914, neste brukar

Ingeborg f.1841, ugift, hadde barna Hans Knutsen f.ca.1860, Svend Svversen f.ca.1862 og

Ole Syversen 1867-1964 (g.Nyhus). I 1875 var Ingeborg inderst på Ramen.

I 1891 var Hans Bondestuen føderådsmann i Bondestugu. Han vart 1887 gift på nytt med Anne Svendsdotter Synslien f.1830 dotter til Sven Syversen. I 1875 budde dei i hop på Simonsnesset.

I 1875 var Hans Hansen 1835-1914 brukar av plassen og vegarbeidar. Hans vart 1863 gift med Gunhild Knutsdotter f.ca.1821 d.1900 dotter til Knut Olsen Øyseige. Ved barnefødsel i 1866 var familien i Vanylven i Nordfjord. Hans og Gunhild var husmannsfolk i Bondestugu i 1891 og 1900. Hans var også husmann og jordbruksarbeidar i 1910. Hans og Gunhild hadde 3 barn:

Bridt f.1862

Ole f.1864

Hans f.1866

Gunhild hadde vore gift før, ho vart 1847 gift med Ole Olsen Visteeie, dei hadde 3 barn:

Knut f.ca.1850

Ole f.ca.1852

Hans f.ca.1857

Torstein Brun 1876-1931 kjøpte Bondestugu i 1916. Skogly gnr. 86 bnr. 11 vart da frådelt frå nordgard Valde med skjøte frå Knut Flatmo til Torstein K Brun for kr 3300,-. Torstein var frå nedre Brun son til Knut Knutsen Brun 1849-1906 og Gunhild Torstensdtr. Haugen n. Sandbueie 1848-1936. Torstein var gift med Ragnhild Syversdotter Lillesæter, Lom 1875-1967. Torstein og Ragnhild hadde 5 barn:

Syver f.1908, neste brukar

Gunhild f.1911, g.m. Ola Breigutu, Lesja 1898-1971

Marit 1913-1980, ugift

Klara f.1915, g.m. Jakob Pålsen Kleiven 1911-1997

Ragnhild f.1918, g.m. Svein Jøndal, Lesja

Syver overtok i 1931 med skjøte frå faren for kr 1550,- inkl. lausøyre kr 1000,- samt føderåd verdsett til kr 1250,-. Syver vart 1934 gift med Barbro Dalen 1909-1994, dei hadde 3 barn:

Randi f.1936

Asmund f.1939

Tor Magnar f.1942, neste brukar

Tor overtok i 1989. Han vart 1969 gift med Else Garden f.1943 dotter til Oskar Garden f.1914 og Anne Jonsgard f.1916. Tor og Else hadde 4 barn:

Wenche f.1963, g.m. Pål Øygarden

Anne Berit f.1968, sbm Terje Hageløkken

Svein Ove f.1973, neste brukar

Torstein f.1981

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, slekten på Stavseng med Ringneset, Brun

Perstugu – Bruflaten

Gnr. 105 bnr. 1

Peder Knudsen Rottenseie f.1800 vart 1822 gift med Anne Olsdr. Øyseie f.1799. I 1821 vart han nemnd som Kleppeie og ho som Øyseie. I 1827 budde dei på Prestgardseie. Ved konfirmasjon i 1843 vart dei nemnde som Valdeie eller Broen, så da var dei nok komne til Perstugu eller Bruflaten som det også har vore kalla. I 1865 var Anne Olsdotter fødd 1799 på Prestgardseie kårkone. Peder og Anne hadde 2 barn:

Knut 1821-1821

Imbjør f.1827, neste brukar

Rasmus Rasmussen Brun f.1823 var i 1865 husmann med jord på Bruflaten under nordgard Valde. Rasmus var son til Rasmus Knutsen Brun 1788-1859 gift med Imbjør Pedersdotter Valdeie f.1827. I 1875 var Rasmus i arbeid på nordgard Storvik, medan Imbjør og yngste sonen budde på Enden. Rasmus og Imbjør hadde 3 barn:

Knut 1846-1848

Knut f.1849, g.m. Imbjør Hansdr. Runningen ø. f.1842, barn: Imbjør f.1872, Peder f.1874.

Knut til Bruvik i Hordaland der g.2.m. Marie Svendsdr.

Peder f.1857, til Os i 1888

I 1875 ser det ikkje ut til at det budde nokon i Perstugu.

Pederstuen vart i 1877 frådelt frå nordgard Valde med skjøte frå Thor Hansen til Nils Olsen for kr 1800,-. Nils Olsen Storøygarden, Garmo f.1826 var son til Ola Nilsen Grindstugu, Lom 1797-1838 og Liv Olsdr. Stasviken, Lom 1803-1874. Nils var ugift, og saman med han budde dei ugifte systrene hans Marit f.1822 og Sissel f.1829. Nils kjøpte i 1880 Øygardsnessætra frå ei anna syster Kari 1836-1889 og mannen hennar Ola Erlandsen Nordal 1832-1809

I 1911 vart det tinglyst skjøte frå Nils Olsen til Johannes Olsen Sjøremshaugen for kr 3000,-. Johannes 1872-1953 vart 1896 gift med Brit Olsdotter Brekken 1872-1938, dei hadde 6 barn:

Gunhild 1896-1966, g.m. Arthur Eriksen, Oslo

Ole 1898-1970, neste brukar 1915-1995, g.m. Jørgen Mathiasen Løkken 1913-1987.

Neslykkja

Karen 1903-1979, g.m. Ivar Rasmussen Brun 1900-1978

Eldri 1906-1923

Oline 1909-1996, g.m. Anton Larsen Løkken 1902-1995

Barbro

Ole overtok med skjøte frå faren tinglyst i 1946 for kr 2000,- inkl. lausøyre kr 1000,- samt føderåd verdsett til kr 1500,-. Ole vart 1925 gift med Anne Skjedsvoll 1902-1987, dei hadde 3 barn:

Jehans f.1925

Marit f.1934

Bjarne f.1941, neste brukar

Bjarne overtok i 1965. Han vart 1963 gift med Klara Landsem, Leksvik i Trøndelag f.1936 dotter til Gustav Landsem og Kaspara Drettvik. Bjarne og Klara har 2 barn:

Anne Kristeine f.1964, neste brukar

Gunn Berit f.1967, g.m. Arve Aasheim

Anne Kristine overtok i 1984 og foreldra flytta til sætra i Synslien. Anne Kristine vart 1986 gift med Kjell Solbakken, Lom f.1964 son til Magne Solbakken f.1935 og Kari Nyøygard f.1931. Anne Kristine og Kjell har 3 barn:

Kjersti Beate f.1986

Ola Inge f.1992

Jørn Kjetil f.1996

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom

Kari Storvik, 2018: Brugrenda, Storviksroa, nordi Nessom

Jon Kolden, 2000: Bygdabok for Lom 1

Brun nedre

Gnr. 85 bnr. 7

I liste over husmannspenger til kyrkja var Svend Bruen oppført under Valde i 1780, i 1778 er han nemnd som Tessbroen.

I 1801 var Knut Rasmussen husmann med jord under sygard Valde, og Knut Brun vart også nemnd i liste over husmannspenger i 1806. Knut Rasmussen Visdal u. 1749-1823 var son til Rasmus Nilsen Visdal u. f.ca.1700 d.1751 og Imbiør Pedersdr. Knut var gift med Aaste Knutsdotter 1755-1821 dotter til Knut Olsen Visdal u og Gunhild Henriksdr. Knut og Aaste hadde 5 barn:

Imbjør f.1778
Gunhild f.1784
Rasmus 1788-1859, neste brukar
Knut f.ca. 1793
Anne f.ca.1795

Rasmus Brun vart nemnd som husmann under Valde i liste over husmannspenger i 1832.
Rasmus Knutsen Broen 1788-1859 var gift med Rønnaug Toresdotter Moshuset 1792-1868
dotter til Thore Larsen f.ca.1747 d.1818 og Marit Hansdtr. Nystuen u. Storvik f.ca.1756.

Rasmus og Rønnaug 7 barn:

Knut 1817-1891, neste brukar
Ragnhild f.1818
Thore f.1820, til Enden
Rasmus f.1823, g.m. Imbjør Pedersdotter Valdeie Bruflaten Perstugu f.1827
Hans f.1827, til Randen u. Storvik
Nils 1831-1919, g.m. Anne Jakobsdtr. Ringnesset 1826-1917, til øvre Brun
Ole f.1833, g.m. Mari, til Maristugu

Knut var gift med Rannei Jakobsdotter Ringnesset 1823-1882, dotter til Jakob Olsen
Ringnesset 1786-1850 og Anne Jakobsdtr. Stavseng f.ca.1786 d.1852. Knut og Rannei hadde
5 barn:

Knut 1849-1906, neste brukar
Anne 1852-1922, g.m. Ola Olsen Gjelet 1859-1887
Rasmus 1855-1934, g.m. Imbjør Olsdtr. Valdeie Barbrostugu 1854-1940, til Øygardsneset
Mari 1858-1926, g.m. Paul Johnsen Rusten 1858-1935. Til Ulsletten s.
Ragnhild 1863-1932, g.m. Nils Syversen Dalestuen 1862-1943. Til Runningen ø.

Brun nedre gnr. 85 bnr. 7 vart i 1905 frådelt frå sygard Valde gnr. 85 bnr. 1 med skjøte i 1906
frå Nils Andersen til Knut K Brun for kr 1000,-. Knut var gift med Gunhild Tostensdotter
Haugen n. 1848-1933, dotter til Tosten Jakobsen Haugen 1821-1896 og Anne Poulsdotter
Sanden el. Skaaraeie f.ca.1822 d.1885. Knut og Gunhild hadde 9 barn:

Rannei 1872-1961. Til USA
Knut f.1873, til USA
Tosten 1876-1931, g.m. Ragnhild Syversdtr. Lillesæter s., Lom 1875-1967. Til Bondestugu
Anne 1879-1964, g.m. John Iversen Bjørviken 1878-1972
Gunhild 1881-1926, til USA
Jakob f.1883, neste eigar
Ragnhild f.1885, til USA
Marit 1888-1945, g.m. John Johnsen Trælviken 1889-1976
Rannei 1891-1969, neste brukar

I 1906 fekk Gunhild bevilling til å sitja i uskifta bu. Jakob fekk i 1909 skjøte frå mora
Gunhild på nedre Brun for kr 1000,- samt føderåd til verdi kr 500,-. Jakob budde i Dakota i
USA.

Rannei fekk i 1947 skjøte på nedre Brun frå broren Jakob for kr 1000,- inkl. lausøyre kr 500,-.
Rannei var gift med Anton Knutsen Ødegården Storviksøygarden 1889-1973 son til Knut
Thorsen Kleppeøygarden 1868-1935 og Anne Syversdtr. Flaten i Sjørdalen 1867-1955.
Rannei og Anton hadde 3 barn:

Anna f.1918, g.m. Nils Høisæther, Tysse

Gunvor 1921-1961, g.m. Pål T Brenna, Lom 1917-1985
Knut 1923-2005, neste brukar

Knut overtok i 1958. Knut vart 1947 gift med Ingrid Hansdotter Kveen f.1922 dotter til Hans O Kveen f.1890 og Anna Juland, Lom f.1894. Knut og Ingrid hadde 4 barn:

Arve Henning f.1948, var gift med Jorunn Nyseth, Kolbu
Ruth Arnhild f.1953, g.m. Reidar Berg f.1948
Egil f.1956, sbm Nina Anby f.1957
Edel f.1956, g.m. Svein Kobbenes, Tjørvåg f.1948

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Stavseng med Ringnesset, Brun

Kari Storvik, 2018: Brugrenda, Storviksroa, nordi Nessom

Brun øvre

Gnr. 85 bnr. 16

Nils Brun 1831-1919 frå nedre Brun var son til Rasmus Knutsen Brun 1788-1859 og Rønnaug Thoresdtr. Moshuset 1792-1868. Nils var gift med Anne Jakobsdotter Ringneset f.ca.1826 d.1917 dotter til Jakob Olsen Ringnesset 1786-1850 og Anne Jakobsdtr. Stavseng f.ca.1786 d.1852. I 1910 var det Nils og Anne som budde i øvre Brun. Nils og Anne hadde 1 barn:

Knut 1856-1925

Knut 1856-1925 vart 1881 gift med. Ragnhild Olsdtr. Sanden Tessanden s. 1858-1933 dotter til Ole Olsen Tessanden f.1834 og Imbjør Arnesdtr. Arnøygarden 1834-1918. I folketeljinga 1891 og barnefødsalar før dette budde familien i Brun. Knut reiste til USA i 1894 der han døydde. I 1900 budde Ragnhild og familien på Rydningen, men i 1910 var dei på Tessanden. Knut kjøpte Haugen gnr. 120 bnr. 1 i Synslien i 1886. Ragnhild og Knut hadde 4 barn:

Anne f.1881. Til USA

Ole 1883-1966, g.m. Ingeborg Jakobsdtr. Lundaløkken 1892-1981. Til nørdrø Tessanden
Nils f.1887-1984. Var i USA.

Knut 1891-1978, g.m. Barbro Aasheim 1897-1921. Til Rydningen.

Etter at Nils døydde i 1919 og Anne to år før vart Øvre Brun i 1919 frådelt frå sygard Valde med skjøte frå Ola N Valde til Ola S Nyhus for kr 1200,-.

Ola Syversen Bondestugu 1867-1964 var son til Ingeborg Hansdtr. Bondestugu. Ola vart 1890 gift med Ingrid Nyhus 1865-1951 dotter til Ole Olsen Storviksøygarden 1823-1896 og Ragnhild Olsdtr. Nyhus 1830-1884, Ola og Ingrid hadde 2 barn:

Sigurd f.1891-1967, g.m. Elida A Brimi f.1917. til nørdrø Tessanden

Ragnhild 1895-1931, g.m. Pål Hansen Kleiven 1881-1868

I 1950 var det skjøte på øvre Brun frå Ola S Nyhus til Konrad Karlsen, Oslo 1902-1996 for kr 8000,-. Konrad var son til Anne Olsdtr. Nyhus f.1874 og Ingrid Nyhus var dermed tanta hans. Konrad Reodor Karlsen vart 1933 gift med Anna Andersdotter Aasheim 1906-1976, dei

hadde ikkje barn. Konrad og Anna budde på Utsikten gnr. 85 bnr. 18 som vart frådelt frå Aasheim i 1940 og hadde fjøs, låve og litt jord der. Avling vart frakta nedover frå nedre Brun.

Knut Brun kjøpte øvre Brun i 1975, og dermed vart dette saman med nedre Brun som han hadde frå før.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Stavseng med Ringnesset, Brun

Kari Storvik, 2018: Brugrenda, Storviksroa, nordi Nessom

Bruhaugen – Brulykkja

Gnr. 85 bnr. 8

Ole Jakobsen Broløkken f.ca.1798 d.1838 var husmann da han døydde i 1838. Ole Jacobsen Storvikseie var gift med Mari Amundsdotter. Ved barnefødsel i 1824 vart dei nemnde som Storvikseie, medan dei i 1831 og 1834 vart nemnde som Valdeie. Ole og Mari hadde 4 barn:

Barbro f.1824

Erik f.ca.1828 d.1874, neste brukar

Marit f.1831

Ole f.1834

I 1865 var Erik Olsen husmann med jord på Bruhaugen under sygard Valde. Erik Olsen Valdeie f.ca.1828 d.1874 var son til Ole Jakobsen Valdeie. Erik vart 1851 gift med Mali Iversdotter Rottenseie f.ca.1825 d.1888 dotter til Iver Kristensen Rottenseie. Mali var i 1875 brukar av Brulykkja og budde der saman med sønnene Iver og Pål. Erik og Mali hadde 5 barn:

Mari f.1850, til Rennebu i 1865

Ole f.1853

Iver 1857-1878, drukna, fekk med Anne Sagrusten dottera Imbjør

Jakob f.1860

Pål f.1864

Neste brukarar på Bruhaugen var Nils og Ragnhild som budde der i 1891. Ved barnefødsler var dei i Dalestugu i 1885, i Brulykkja i 1889 og 1892, og på Runningen i 1896. Nils Syversen Dalestugu 1860-1923 var son til Syver Nilsen Dalestugu 1829-1904 og Guri Johannesdotter Prestgardseie Runningen i Kveom f.ca.1826 d.1912. Nils var gift med Ragnhild Knutsdotter Brun 1863-1932 dotter til Knut Rasmussen Brun 1817-1891 og Rannei Jakobsdtr. Ringneset 1823-1882. Etter Bruhaugen kom Nils og Ragnhild til øvre Runningen. Nils og Ragnhild hadde 7 barn:

Guri 1882-1967, g.m. Nils Imbertsen Veien Næpneset 1872-1952

Knut f.1885, g.m. Ragnhild Valbjørslykkja 1889-1949

Syver 1889-1932, g.m. Anne Johannesdtr. Lunde 1893-1979. Øvre Runningen.

Johannes 1892-1982, g.m. Anne Rasmusdtr. Groven 1896-1952

Rannei 1896-1969, g.m. Gunvald Sveen, Lom 1901-1974

John 1899-1920

Kristian 1903-1920

Bruhaugen gnr. 85 bnr. 8 vart 1905 frådelt frå sygard Valde gnr. 85 bnr. 1 med skjøte i 1906 frå Nils Andersen til Jakob O Bruhaugen for kr 800,-. Jakob Olsen Maristugu 1865-1934 var son til Ola Rasmussen Brun 1833-1917 og Mari Trondsdr. Maristugu 1816-1851. Jakob vart 1895 gift med Imbjør Larsdotter Runningen nedre f.1872 dotter til Lars Andersen Flatum 1834-1922 og Ymbjør Eriksdr. Stokstadeie Nesset s. f.1829. Jakob og Imbjør kom til Bruhaugen i 1895 og kjøpte bruket i 1906. Jakob og Imbjør hadde 4 barn:

Ola 1896-1955, neste brukar

Imbjør 1898-1976, g.m. Hallvard Eilevsen Sulheim, Lom f.1897

Mari 1900-1970, ho hadde med Per Johnsen Sandnes n. f.1897 dottera Inger g.Bø

Lene 1903-1963, g.m. Per Vassdøkken 1900-1977. Til Randsverk

Ola vart 1921 gift med Ragnhild Kristensdotter Nystuen 1900-1983, dei overtok Bruhaugen i 1928. Ola og Ragnhild hadde 2 barn:

Jørgen 1922-2008, neste brukar

Kari Reidun 1929-2018, g.m. Kristian Johannesen Bakke 1923-2014

Jørgen vart 1945 gift med Ragna Syversdotter Gjeilen, Randsverk 1922-2013 dotter til Syver Gjeilen og Ragnhild Kveen. Jørgen overtok Bruhaugen i 1955. Jørgen og Ragna hadde 2 barn:

Rannveig 1945-2013, g.m. Helge Magnar Vistekleiven 1946-2016

Odd Sverre f.1952, neste brukar

Odd Sverre overtok i 1989. Odd Sverre vart 1976 gift med Ragnhild Steinarsdotter Bruøygard, Garmo f.1957, dotter til Steinar Bruøygard f.1931 og Margot Kvåle f.1930. Odd Sverre og Regnhild 3 barn:

Randi Merete f.1976, neste brukar

Jan Stian f.1979

Ole Roger f.1980

Randi Merete overtok i 2015. Ho er sambuar med Geir Persen Haugen f.1970, dei har 2 barn:

Martin f.2000

Nikolai f.2003

Åslund gnr. 85 bnr. 22 (Fjellvegen 253) vart i 1959 frådelt frå Bruhaugen. I 1964 var det skjøte frå Jørgen Bruhaugen til Kristian J Bakke 1923-2014. Kristian var gift med Kari Reidun Bruhaugen 1929-2018.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Stavseng med Ringnesset, Brun

Kari Storvik, 2018: Brugrenda, Stoviksvroa, nordi Nessom

Kari Storvik, 2022: Uppi Synsliom